

Nord-Fron kommune

Dato : 17.12.2018
Vår ref. : 18/21272

Saksbeh. : Knut Håvard Meldal
Telefon : 61216208
E-post : post@nord-fron.kommune.no

Att:

Arne Sandbu
administrasjonssjef

Høring om nedlegging av ungdomssteget ved Skåbu oppvekst, med vedlegg

1. Innleiing.

Med bakgrunn i kommunestyrevedtak i sak 118/18 «Budsjett og økonomiplan 2019-2022» frå møte 11.12.18 går sak om nedlegging av ungdomssteget ved Skåbu oppvekst no ut på høring.

Opplæringslova §8-1: «Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.»

For kommunar der det ikkje ligg føre forskrift om kommunale skolekretsgrenser gjeld det eit ulovfesta prinsipp om forsvarleg forvaltning. Dette gjeld både før og etter at eit vedtak er fatta (dei aktuelle aktørane som har interesse i saken må få moglegheit til å uttale seg). Nedlegging av ein skule er ikkje å sjå på som eit enkeltvedtak, og forvaltningsloven sine reglar kjem difor ikkje direkte til nytte. Vedtaket frå kommunestyret sendes på høring i tråd med grunnleggande ulovfesta forvaltningsprinsipp med henvisning til rundskrivet UDIR-2-2012 som tek for seg saksbehandlingsreglane i slike saker.

2. Bakgrunn.

Ungdomssteget ved Skåbu oppvekst var foreslått nedlagt i 2017, men kommunestyret gjorde vedtak om å oppretthalde tilbodet i kommunestyremøte i juni 2017 i sak: 55/17 Andre del av dette vedtaket er slik: «Ungdomstrinnet ved Skåbu oppvekst skal evalueres årlig gjennom tilstandsrapporten for grunnskolen. Her skal både læringsmiljø, læringsutbytte og det sosiale miljøet for elevene vurderes. Resultatene frå denne tilstandsrapporten skal brukas for å sikre en god skole for elevene i Skåbu og unngå at elever søker seg bort.»

Etter dette vedtaket har to nye elevar søkt seg bort frå skulen, og det er pr. desember 2018 seks (6) elevar i ungdomssteget i Skåbu.

Kommunestyret sitt vedtak i sak 118/18 har ein føresetnad om at ungdomssteget ved Skåbu oppvekst skal leggest ned før skuleåret 2019/20 startar med bakgrunn i lite elevgrunnlag og økonomisk effektivisering av skuledrifta i kommunen samla sett.



Nord-Fron
kommune

Nedregate 50
2640 Vinstra

Telefon
61 21 61 00

Telefaks
61 21 61 01

E-post
postmottak@
nord-fron.
kommune.no

www.
nord-fron.
kommune.no

Bankgiro
2095.06.05775

Bankgiro skatt
6345.06.05168



Prinsippet om at skuletilbod skal vere til det beste for elevane har gjennom kommunestyremøte 11.12.2018 vore diskutert, der fordelar og ulemper ved lite elevgrunnlag vart eit tema. Det er vanskeleg å gje klare svar på når elevgrunnlaget blir for lite. Likevel legg Nord-Fron kommune til grunn same argumentasjon som var nytta i saksframlegget i 2017. Difor er administrasjonen si vurdering av sak 55/17 lagt ved denne høyringa. Dei økonomiske føresetnadene er noko endra sidan 2017, så netto innsparing ved nedlegging av ungdomssteget i Skåbu vil i gjennomsnitt ligge på kr.1.100.000 årleg dei neste 12 åra med dei elevprognosene som ligg føre.

3. Forslag til forskrift.

Skåbu oppvekst skal ikkje fortsette å gje tilbod om undervisning på ungdomssteget. Konsekvensen av dette blir at Nord-Fron kommune må endre skulekretsane, slik at alle elevar i ungdomsskulealder i Nord-Fron blir elevar ved Vinstra ungdomsskole.

Endring av skulekretsane må kome som eit kommunestyrevedtak, då dei eksisterande grensene vart vedteke i samband med nedlegging av Ruste skule i 2007.

4. Resultat av endra kretsgrenser.

Om kommunestyrevedtak 118/18 blir stadfesta i kommunestyret sitt møte 12.2.2019 vil resultatet bli at alle ungdomsskuleelevar i Nord-Fron vil bli elevar ved Vinstra ungdomsskole frå august 2019. Skåbu oppvekst fortsett si drift med barnehage og barneskule.

5. Korleis svare på høyringa?

Svar må vere Nord-Fron kommune i hende innan kl. 12.00 onsdag 5.februar 2019. For digitale svar er dette den reelle fristen, men svar som blir sendt som brevpost må sendast seinast fredag 1.2.2019 for å vere sikker på at desse når fram og blir med som vedlegg til saka i kommunestyremøtet 12.2.2019.

Svar rettast til postmottaket@nord-fron.kommune.no, eller brevpost til *Nord-Fron kommune, Nedregate 50, 2640 Vinstra*. Merk svaret «Høyring Skåbu oppvekst»

Innspel som er lagt ved sak 118/18, handsama 11.12.2018 i kommunestyret, blir teke inn som høyringsinnspel i tillegg til eventuelt nye innspel.

Nord-Fron kommune set høyringsfrist i denne saka til **onsdag 5.februar 2019**.

Bakgrunnen for at Nord-Fron kommune vel å sette høyringsfrista til denne dato er for å få eit endeleg vedtak i saka i kommunestyremøtet tysdag 12.februar 2019. Det blir vurdert som viktig å få avgjort saka i dette kommunestyremøtet, med tanke på organisering av neste skuleår, og ikkje minst for at elevar som eventuelt skal byte skule får tid til å få ein god prosess kring dette.

Høyringsfrista er også sett i samband med at det allereie før kommunestyremøtet 11.desember 2018 kom uttale i saken frå fleire involverte partar.

Nord-Fron kommune vurderer saka i kommunestyret 11.desember 2018 til å vere godt kartlagt, men ei høyring vil kunne gje moglegheiter for å gje fleire og nye innspel før endeleg vedtak blir fatta.

UDIR-2-2012:

«Det er et ulovfestet forvaltningsrettslig prinsipp at forvaltningen skal treffe vedtak etter at saken har vært behandlet på forsvarlig måte. Forsvarlig saksbehandling krever at en sak er tilstrekkelig opplyst før det blir gjort vedtak. Siden avgjørelsen om å legge ned en skole ikke er et enkeltvedtak, kommer ikke reglene i forvaltningslovens kap. IV (om saksforberedelse ved enkeltvedtak), V (om vedtaket) og VI (om klage og omgjøring) direkte til anvendelse. Det er likevel et generelt forvaltningsrettslig prinsipp at en sak skal være forsvarlig klarlagt før avgjørelse blir tatt. I en sak om skolenedleggelse betyr dette at kommunestyret skal ha rimelig kjennskap til synspunktene til de som berøres av nedleggelsen før et vedtak treffes.

Spørsmål om skolestruktur og eventuelle kretsgrenser for skoler vil i stor grad berøre foreldre og nærmiljø. Skolens samarbeidsutvalg, alternativt foreldrerådet, bør derfor få anledning til å uttale seg når det gjelder vedtak om skolestruktur.

Andre som bør få anledning til å uttale seg i slike saker kan være:

- fagforeningene for de ansatte ved skolen, grendelag og andre grupper og organisasjoner som kan ha interesse i saken
- andre brukere av skolen som vil bli påvirket av en nedleggelse
- andre brukerorganer ved skolene, for eksempel skolemiljøutvalg og elevråd
- samarbeidsutvalg eller foreldreråd ved andre skoler som berøres

Øvrig avtale- og lovverk om medbestemmelse avtalt mellom partene forutsettes fulgt opp. Hvis endring av skolestruktur medfører endringer i skyssbehov, bør også fylkeskommunen få anledning til å uttale seg i saken.

Det finnes ikke lov- og forskriftsbestemte regler for hvor lang fristen for å uttale seg skal være i saker om skolestruktur. Den enkelte som skal uttale seg må imidlertid få tilstrekkelig tid til å forberede sin uttalelse. Justis- og beredskapsdepartementet har utarbeidet retningslinjer for forskriftsarbeid i kommunene. [Retningslinjene er av 30. januar 2002 og ligger på Justis- og beredskapsdepartementets nettside.](#) Kommunene anbefales her å benytte to måneders høringsfrist. Utdanningsdirektoratet anbefaler at det sees hen til disse retningslinjene også når lokale forslag om endring av skolestruktur skal utarbeides.»

Med helsing

Knut Håvard Meldal
kommunalsjef

Godkjend og sendt ut utan underskrift iht. interne rutinar.

Vedlegg:

Vedlegg 1 - Høyring om nedlegging av ungdomssteget ved Skåbu oppvekst - Utdrag av administrasjonen si vurdering i sak 55/17 i 2017
Skåbu oppvekst - vurdering av ungdomstrinnet

